

# Forskrift om gebyr for tilsyn og feiing av fyringsanlegg, Samnanger kommune, Vestland.

**Heimel:** Fastsett av kommunestyret, (dato vedtak), med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 28 andre ledd.

## § 1. Formål

Forskrifta skal sikre at kommunens kostnader knytt til tilsyn og feiing av fyringsanlegg dekkes i tråd med brann- og eksplosjonsvernloven § 28 annet ledd.

## § 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld for eigar av fyringsanlegg i kommunen.

Forskrifta gjeld for gebyr for tilsyn og gebyr for feiing som gjennomførast av, eller i regi av, kommunen.

Med særskilte geografiske utformingar av fjellområda, kan forskriftenes geografiske verkeområde tilpassast under særskilte avtalar.

## § 3. Heimel for feie- og tilsynstenestar

Kommunen er pålagt å utføre tilsyn på fyringsanlegg jamført brann- og eksplosjonsvernloven §32.

Kommunestyret kan fastsette lokal forskrift om gebyr (*betalingsregulativ*) for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg jamført brann- og eksplosjonsvernloven §28.

Kommunen er pålagt å utføre feiing og tilsyn med behov. Behovet/hyppigheita vil variere mellom fyringsanlegga. Vurderinga av behovet/hyppigheit for feiing og tilsyn av fyringsanlegg skal gjerast på ein fagleg tilfredsstillande måte jamført forskrift om brannforebygging §17.

## § 4. Definisjonar

*Lovpålagt feiing og tilsyn.* Dette er dei feiing- og tilsynsoppgåvene som kommunen er lovpålagt å gjennomføre som tilsynsmyndigheit for å svare til dei pålagte krava frå brann- og eksplosjonsvernloven og tilhøyrande forskrifter.

*Fyringsanlegg.* Omfattar både eldstad, røykkanalen og eventuelle matesystem for brensel.

*Aktivt røykløp.* Eit røykløp som har ein eller fleire aktive fyringsanlegg tilknytt, kor det blir produsert avfallsstoff i form av røyk.

*Inaktivt røykløp.* Eit røykløp som ikkje har nokre aktive fyringsanlegg tilknytt, plombert røykløp eller demontert røykløp.

*Byggverk.* Byggverk refererast til bygning, konstruksjonar og anlegg.

*Eigar.* Er den som har grunnboksheimelen til byggverket.

## § 5. Kva tilsyns- og feiegebyr dekker

Gebyrane skal dekke kommunen sine kostnadar knytt til tilsyn og feiing av fyringsanlegg.

## § 6. Gebyr for feie- og tilsynstenestar

Det skal innkrevjast gebyr frå alle som mottar feie- og tilsynstenestar. Dette gjeld uavhengig om fyringsanlegget i byggverket er i regelmessig bruk eller ikkje.

Om ein har fått avvik, manglar eller fyringsforbod, skal ein framleis betale gebyr for feie- og tilsynstenestar.

Gebyret er ikkje knytt til tidspunktet for når feiing og tilsyn gjennomførast, men gjelder uansett om, korleis og når tenesta finner sted. Gebyr innkrevjast sjølv om feie- og tilsynstenestar ikkje er utført i følgande tilfelle:

- Feiaren ved inspeksjon av fyringsanlegget har avdekkat at det ikkje er behov for feiing.
- Feiaren ikkje har fått tilfredsstillande tilkomst til fyringsanlegget etter varsel/avtale om tenesta, jamført forskrift om brannforebygging § 6.

Med sein eller manglande betaling av gebyr, vil brann- og eksplosjonsloven § 28 vere førande for vidare innkreving.

## § 7. Fritak frå gebyr

Kommunen kan gi fritak frå heile eller deler av feie- og tilsynsgebyret. Kva ein kan få fritak for vil variere saman med gebyrgrunnlaget frå *betalingsregulativet til Samnanger kommune*. Følgjande tilfella vil kunne gi fritak frå heile eller deler av feie- og tilsynsgebyret:

- Eigjar bekreftar skriftleg at bygningen har ikkje nokre eldstader.
- Eigjar bekreftar skriftleg at aktive eldstadar koplast frå røykløp.
- Eigjar bekreftar skriftleg at aktive røykløp blir gjort inaktive, demontert eller plombert( tilsvarande sikra mot bruk).

Før fritak kan gjevast, skal dokumentasjon for arbeidet vere sendt til kommunen for godkjenning. Fritaket vil byrje å gå frå neste termin for feie- og tilsynsgebyr.

## § 8. Start av gebyr med etablering/installering av nytt fyringsanlegg

Med ferdigstilling av eit fyringsanlegg, vil gebyret byrje å gå frå neste termin for feie- og tilsynsgebyr.

## § 9. Fastsetting av gebyr

Gebyret for feie- og tilsynstenestar skal vedtakast årleg i kommunestyret som ein del av *betalingsregulativ Samnanger kommune*. Utrekning av gebyret skal vere basert på sjølvkostprinsippet og fastsettast årleg.

Gebyret vil bli innkrevja saman med andre kommunale avgifter.

## **§ 10. Myndigheit**

Forvaltning av denne forskrifta vil bli gjort av Samnanger kommune med avd. for Samfunnsutvikling

Den utøvande myndigheit etter denne forskrifta skal til ein kvar tid vere oppdatert på kommunen sin heimeside.

## **§ 10. Ikrafttredelse**

Forskrifta trer i kraft ved kunnngjering i Norsk Lovtidend.